


Samarbeid om fiber



Framtidsretta: – Me er inne i ei spanande utvikling av tv-teknologi, og optisk fibernett er framtidsretta teknologi, hevdar salsdirektør Tore Nyhammer i Nextgentel (t. h.). Her er han saman med administrerende direktør ved Kvam kraftverk AS, Olav Solheim. Tromlane med trekkør ligg klare til bruk.

Kvam kraftverk AS skal samarbeida med Nextgentel om å byggja ut det optiske fibernettet for næringslivet og private husstandar i Kvam.

LARS ARVID OMA

Etter at Consoll AS gjekk konkurs, har Kvam kraftverk vore på jakt etter ny samarbeidspartnar som kan tilby innhaldstenester på fibernettet. Valet fall på vestlandsverksemda Nextgentel. Avtalen vart undertekna førre fredag.

Konkurranse

Kvam kraftverk skal stå for utbygginga av det optiske fibernettet, medan Nextgentel skal fylla nettet med innhald. Målet er å tilby kundar i Kvam tv, breiband og tele-

foni frå same leverandør.

– *Korleis skal de nå fram i den harde konkurransen?*

– Nextgentel har ein profesjonell organisasjon med lang røynsle frå drift og oppbygging av breibandsnett. Selskapet har også eit solid salsapparat, seier administrerende direktør ved Kvam kraftverk, Olav Solheim.

– *Kor stor er marknaden i Kvam?*

– I nærområde vårt er det om lag 3.500 husstandar. 300–400 kundar er kopla til fibernettet i Kvam i dag, dei fleste hjå Kvamnet AS, seier Solheim.

Kraftverket leiger ut mellom 100 og 150 tilkoplingspunkt til Kvamnet AS, som også har eige fibernett.

Interesse

– *Når startar neste runde i fiberutbygginga?*

– Det kjem sjølvst an på responsen i marknaden, men me opplever at det er stor interesse. Så snart mange nok husstandar i eit område har meldt si interesse, startar installasjonsarbeidet. Me kjem til å byrja arbeidet der me allereie har unyttja kontaktpunkt, seier Solheim.

Samarbeidspartnarane reknar med at leveransane til dei fyrste nye kundane startar i januar.

Kvam kraftverk tek sikte på få mest mogeleg av dei nye kablane ned i bakken.

Privatkundar som allereie er knytte til det fiberoptiske nettet til Kvam kraftverk, vil om kort tid får tilbod om tv, Internett og telefoni frå Nextgentel.

Tv-løysinga som selskapet nyttar, har over fire hundre tusen brukarar i Sverige. Ho er utvikla saman med Teliasonera.

oma@hf.no